

RESOLUSJON

Eit solidarisk akademia

Vedteke av Studenttinget 16.03.2024

Resolusjon: Eit solidarisk akademia

Høgskulen på Vestlandet (HVL) skal vera solidariske i framferda si både nasjonalt og internasjonalt. Det inneber å ta tydelege standpunkt med utgangspunkt i verdiar som akademisk fridom, menneskerettar og solidaritet. Situasjonen i verda i 2024 viser at desse verdiane, dessverre trengst å hegna om meir enn nokosinne.

I HVL sin strategi for 2023-2030 er ein av dei sentrale verdiane våre å "Inkludera". Det kjem fram at HVL igjennom å inkludera fremjar fagleg utvikling, tryggleik og trivsel. Då kan me ikkje samarbeida med og dermed støtta aktørar som bidreg til det stikk motsette.

Russland sin brutale angrepsskrig mot Ukraina, og Israel sine massive angrep mot det palestinske folket, viser viktigheita av å stå opp mot aktørar som bryt folkeretten. Det krev handling, også frå alle oss i Høgskulen på Vestlandet.

Studenttinget på Vestlandet står i solidaritet med alle sivile som blir utsett for dei grufulle konsekvensane av brot på folkeretten. Institusjonane må våga å vera ansvarlege når motkrefter vel å truga den akademiske fridomen, krenkjer menneskeverdet, og truar dei universelle menneskerettane, og dermed verna om folkeretten. Å samarbeida med institusjonar og aktørar som bidreg til eller gjer folkerettsbrot, er i strid med dei verdiane Studenttinget på Vestlandet og Høgskulen på Vestlandet så sterkt kjempar for.

[Studenttinget på Vestlandet meiner at:](#)

- ▶ Høgskulen på Vestlandet ikkje skal samarbeida med institusjonar og aktørar som bidreg til eller gjer folkerettsbrot.
- ▶ Høgskulen på Vestlandet ikkje skal ha utvekslingsavtalar med institusjonar og aktørar som bidreg til eller gjer folkerettsbrot.